

**Normallover for lokallag i
Kristeleg Folkeparti – nynorsk
(vedteke/endra i mars 2014)**

§ 1 FORMÅL

..... Kristeleg Folkeparti har til formål å fremje ein kristendemokratisk politikk bygd på det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret. KrF sitt verdigrunnlag er henta frå Bibelen, den kristne kulturarven og grunnleggjande menneskerettar.

§ 2 TILLITSVERV

Alle tillitsvalde og folkevalde for KrF er forplikta på og skal arbeide for partiet sitt kristne verdigrunnlag slik det er definert i § 1.

§ 3 ORGANISASJON

Lokallaget er knytt til fylkeslag av Kristeleg Folkeparti. Lokallaget er samansett av alle medlemmane som bur i kommunen. Eit lokallag kan òg ha fleire bydels-/kommunedellag eller grendelag.

§ 4 MEDLEMSKAP

Partiet er ope for medlemskap for alle kvinner og menn over 13 år som er samde i partiet sitt føremål og grunnsyn. Dersom ein medlem ynskjer det, kan han/ho vere organisert gjennom KrFU sitt lokal- eller fylkeslag. Desse medlemmane betaler berre ein kontingent og har dei same rettार og plikter som andre KrF-medlemmar. I nominasjonsprosessen gjer medlemmar som har fylt/fyller 18 år i valåret bruk av medlemsrettane gjennom KrF-laget sine møter.

Medlemskap skal verte administrert slik det er fastsett i "Lover for Kristelig Folkeparti" § 10 og slik landsstyret i KrF har fastsett det i "Vedtekter for medlemskontingent og registrering av medlemskap i Kristeleg Folkeparti" med tilslutnad frå KrFU og KrF Kvinner.

KrF sine lokallag skal i dialog med kvinnenettverket budsjettere slik at det vert lagt til rette for drift i det lokale kvinnenettverket.

§ 5 ÅRSMØTET

Årsmøtet er samansett av alle medlemmar medrekna KrFU-medlemmar som er busette i kommunen. Årsmøtet er laget sitt høgste organ. Styret skal mellom anna leggje fram desse sakene til handsaming:

- 1) styret si årsmelding med vedlagt rapport frå kommunestyregruppa, det lokale kvinnenettverket og KrFU
- 2) rekneskap frå laget, med oversyn over all offentleg støtte
- 3) årsplan med budsjett
- 4) kommuneprogrammet (i valår)
- 5) forslag til lovending og andre framlegg som er fremja for styret seinast 2 månader før årsmøtet
- 6) Vedta nominasjonreglement (kvart 4. år, mellomvalår)
- 7) val av
 - styre med leiar, nestleiar, styremedlemmar og 2 varamedlemmar

- valnemnd for neste årsmøte
- nominasjonsnemnd (kvart 4. år)
- utsendingar til KrF sitt fylkesårsmøte
- registrert revisor eller 2 revisorar m/1 varamedlem

Årsmøtet gjer vedtak med simpelt fleirtal av alle frammøtte medlemmar som har betalt forfallen kontingent. Framlegg om lovending må ha 2/3 fleirtal, jfr § 9.

§ 6 STYRET

Styret er samansett av:

- 1) leiar, vald for 2 år
- 2) nestleiar(ar), vald(e) for 2 år
- 3) 4 styremedlemmar valde for 2 år
- 4) gruppeleiar i kommunestyret
- 5) kvinnepolitisk leiar
- 6) leiar av KrFU

Styret er ansvarleg ovanfor årsmøtet og leier Kristeleg Folkeparti sitt arbeid i kommunen fram til nytt styre er vald. Styret kan kalle inn ekstraordinært årsmøte når styret finn at det trengst, eller når 1/3 av medlemmane krev det.

I dei lokallaga der det ikkje er organisert kvinnenettverk vert det oppnemnt ein kvinnepolitisk ansvarleg blant styremedlemmane.

Dersom KrFU ikkje har lokallag, møter sideorganisasjonen sin kontaktperson som observatør utan stemmerett.

I kommunar og byar der det er fleire lokallag innanfor ein kommune er medlemmane organiserte gjennom geografisk oppdelte bydelslag/kommunedelslag/grendelag. I desse høva vel årsmøtet leiar og 2. nestleiar, som saman med gruppeleiar, KrFU-leiar og kvinnepolitisk leiar utgjer styret sitt arbeidsutval. Dei andre styremedlemmane og varamedlemmane vert valde av dei respektive bydellag/kommunelag i eit tal som står i forhold til medlem- og røystetal.

Styret utfører leiaransvaret sitt i nært samarbeid med styra i bydellag, kommunelag eller grendelag der slike finst.

Styret vel sekretær og kasserar. Styret peikar ut ein som har ansvar for opplæring, helst leiar, nestleiar eller gruppeleiar, og som saman med sekretær kan vere kontakt for KrF skulering.

Styret har møte så ofte som leiaren finn det nødvendig, eller når minst to av styremedlemmane ønskjer det. Styret gjer vedtak med simpelt fleirtal og er vedtaksføre når minst halvparten av medlemmane er til stades. Ved like røystetal har leiaren 2 røyster.

Styret skal:

- 1) førebu, setje i verk og følgje opp vedtak av årsmøtet

- 2) ta initiativ til konstituerande møte i kommunestyregruppa, utarbeide gode samarbeidsrutinar og gje gruppa råd og innspel i det politiske arbeidet.
- 3) medverke til politisk debatt gjennom politiske fråsegner, utgreiingar og møteverksemd
- 4) halde god kontakt med medlemmane og leggje til rette for at medlemmar kan involvera seg og politisk skulering.
- 5) gje KrF sine folkevalde og tillitsvalde tilbod om politisk skulering.
- 6) medverke til å halde oppdatert eit medlemsregister som er felles for alle ledd i partiet i samsvar med landsstyret sine vedtekter om registrering av medlemskap i partiet m.v.
- 7) planleggje organisering, gjennomføring og evaluering av valkampen
- 8) handsame saker som fylkesstyret sender laget
- 9) yte stønad til KrFU og arbeidet til det lokale kvinnenettverket i lokallaget

Det skal førast møtebok frå styremøta. Rett etter årsmøtet, og seinast 1. mars, skal skjema med rapport frå sist år sendast fylkeskontoret.

§ 7 NOMINASJON

Styret kallar alle medlemmar inn til nominasjonsmøte og syter for at møtet vert sett. For å kunne røyste må ein ha vore medlem i minst 3 månader og ha betalt forfalt kontingent. Nominasjonsmøtet vedtek sitt eige møtereglement.

Forslag til valliste ved kommunevalet vert fremja av nominasjonskomitéen som er sett saman av 3-7 (talet må tilpassast lokale tilhøve) personar oppnemnd av årsmøtet, inklusiv ein representant kvar føreslått frå KrFU og kvinnenettverket.

Endeleg listeframlegg skal setjast opp i samsvar med "Lov om stortingsvalg, fylkestingsvalg og kommunestyrevalg av 2002", og oversendast til valstyret innan 31. mars underteikna av lokallaget sin leiar og sekretær. Denne paragrafen sitt 1. ledd gjeld også når lokallaget førehandsnominerar til fylkestingsval og stortingsval, og vel utsendingar til fylkeslaget sine nominasjonsmøter.

§ 8 LIKESTILLING MELLOM KVINNER OG MENN VED VAL

Ved val til verv, politiske eller i partiorganisasjonen, skal det sikrast mest mogleg lik representasjon av kvinner og menn.

Stemmetillegg og alle val/oppnemningar til partiet sine politiske og organisasjonsmessige organ med fleire enn tre medlemmar skal, så langt det er praktisk mogleg, gjennomførast slik at resultatet gjev minst 40% representasjon av kvart kjønn.

§ 9 LOVENDRING

Desse lovene kan, med unntak av § 1, 2 og 4 (som berre kan endrast etter vedtak i landsmøtet i Kristeleg Folkeparti), endrast av årsmøtet når minst 2/3 av årsmøtet sine medlemmar stemmer for eit forslag som er lagt fram innan den frist som er fastsett i § 5. Lovendringane må vere godkjende av fylkesstyret før dei vert gjeldande.

§ 10 AVVIKLING

Når eit lokallag ser seg nøydd til å leggje ned aktiviteten skal det skje i forståing med fylkesstyret. Lokallaget sin konto må gjerast opp og pengane skal overførast fylkeslaget sin konto. Rekneskap og møteprotokollar skal leverast fylkeskontoret for oppbevaring og til historisk arkiv. Når lokallaget ser høve til å gjenoppretta lokallagsaktiviteten har lokallaget krav på økonomisk tilskot frå fylkeslaget. Storleiken på tilskotet skal tilsvara 100% av den summen fylkeslaget fekk overført då lokallaget la ned aktiviteten dersom dette skjer innan tre år etter nedlegginga, 75% dersom det skjer innan 5 år, 50% dersom det skjer innan 10 år. Etter 10 år har lokallaget ikkje krav på økonomisk tilskot ved gjenopptaking av aktiviteten.